



## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 02.05.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 09:15 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anna Sofija Rudzite		Utvalseiar
Nikita Makarov		Nestleiar
Natalie Rambjørg Myklebust		Medlem
Isak Birkeland Haugland		Medlem
Markus Lilletvedt		Medlem
Thea Madelen Hope		Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen og Torill Torsvik Størkersen som førte møteboka.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
005/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2022	Godkjenning av møtebok
007/2022	Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune
008/2022	Referatsak
009/2022	Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden

**005/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**02.05.2022 UNGDOMSRÅDET**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**UNG - 005/2022 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

**006/2022: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**02.05.2022 UNGDOMSRÅDET**

Møtebok vert godkjend.

**UNG - 006/2022 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjend.

---

## **007/2022: Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 047/2022 VEDTAK:**

Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

### **02.05.2022 UNGDOMSRÅDET**

Sveinung Toft orienterte om saka.

Ungdomsrådet hadde avstemning om Masfjorden kommune bør gå vidare med saka eller ikkje. Resultatet av avstemminga vart at 1 stemte for å gå vidare med saka, 3 stemte i mot og 2 stemte blankt.

### **UNG - 007/2022 VEDTAK:**

Ungdomsrådet si innstilling vart å ikkje gå vidare med saka.

### **05.05.2022 KOMMUNESTYRET**

Silje Vågseth Kjetland spurte om ho var ugild i denne saka sidan ho var grunneigar. Kommunestyret samla seg om at ho ikkje var ugild.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 026/2022 VEDTAK:**

Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

---

## **008/2022: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **02.05.2022 UNGDOMSRÅDET**

Ordførar Karstein Totland orienterte om:

- Bustadbygging - det vert lagt opp til blant anna flermannsbustadar i kommunen
- Vegutbetring
- Å satse på utdanning

Årsmeldinga vart delt ut til Ungdomsrådet for gjennomlesing, og vart tatt til orientering.

Kort orientering frå Ungdomskontakten Salto

- Det var to personar frå Salto som presenterte tilbodet dei har i Knarvik Senter.
- Ungdomsrådet ønskja einstemmig at Masfjorden kommune bidreg til å oppretthalde tilbodet gjennom avtale.

Kort orientering frå politikontakten

- Politikontakten Jan Terje Brügger presenterte seg og arbeidet sitt. Han la opp til dialog rundt aktuelle tema for Ungdom.

Tilbakemelding frå deltakarar på Fylkesting 2022

- Dei to deltakarane gav tilbakemelding frå Fylkesting for Ungdom på Voss. Deltakarane var Thea Madelen og Markus .

### **UNG - 008/2022 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---

## **009/2022: Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Masfjorden kommune endrar frammøtemønster for 1.-4. klasse til 5 dagars skuleveke, gjeldande frå og med skuleåret 2022-2023.**

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram framlegg om å sende saka attende til rådmannen for grundigare utgreiing med følgjande grunngjeving:

- Det står i sakspapira at dette ikkje vil gje auka utgift. Dette må vere feil. Skal fire klasstrinn vere ein ekstra dag på skulen utan at dette gjev auka utgifter? Her må ein sette opp ein oversikt over korleis ein klarer dette kunststykket.
- Kulturskulen og Idrettskulen er ikkje et tilbod til 1.trinn
- Har ein tenkt å sette opp ekstra skyss heim for elevar som ikkje ynskjer delta på kulturskule, idrettskule og SFO?
- Det blir i saksframlegget vist til § 2.2 i Opplæringslova. Ordlyden her seier ingenting om at elevane skal ha 190 dagars skuleår fordelt på 38 veker slik det står i saksframlegget.
- Når ei sak har vore ute å høyring må uttalane som kjem inn leggat ved sakspapira.

Framlegg til vedtak om å sende saka attende til rådmannen for grundigare utgreiing frå Sp vart samrøystes vedteke.

### **FS - 044/2022 VEDTAK:**

Saka vert sendt attende til rådmannen for grundigare utgreiing.

### **02.05.2022 UNGDOMSRÅDET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen orienterte om saka.

Saka vart drøfta i rådet.

Ungdomsrådet ønskjer ikkje at ein går frå 4 til 5 dagars skuleveke for 1.-4.klasse. Sett frå elevane si side, meiner dei at ordninga er god slik ho er i dag.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **UNG - 009/2022 VEDTAK:**

Ungdomsrådet ønskjer ikkje at ein går frå 4 til 5 dagars skuleveke for 1.-4.klasse. Sett frå elevane si side, meiner dei at ordninga er god slik ho er i dag.

---

Rett utskrift frå møteboka frå Ungdomsrådet den 02.05.2022 vert vitna:

---

Anna Sofija Rudzite  
leiar

---

Rita Ludvigsen  
sekretær